

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

11.08.2014

**Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av anleggsveg på gnr 9 bnr 2**

Meland kommune søkjar om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, etter plan- og bygningslova § 19. Dispensasjonen gjeld opparbeiding av anleggsveg for tilkomst til kommunal slamavskiljar på gnr 9 bnr 2.

Avlaup frå ca 40 bustader i Orrhøyen går i dag som ureinsa utslepp rett i fjorden. Kommunen ønskjer difor og etablere ein slamavskiljar for husstandene. Etablering av slamavskiljar på Orrhøyen har i lengre tid vore eit prioritert tiltak i kommunen sin investeringsplan innan avlaup.

For å kunne tømme slamavskiljaren treng kommunen ein anleggsveg ned mot slamaskiljaren. Vegen vil ligge utanfor 100 m grensa mot sjø, og er ikkje i strid med forbodet mot tiltak i strandsona. Plassering av slamavskiljar er vist i vedlegg 1. Trasè for anleggsveg er vist på vedlegg 2. Vegen er ikkje lagt heilt ned til slamavskiljaren ettersom dette ikkje er naudsynt for å få til tømning av tanken. Slamavskiljaren skal tømmast 2 ganger i året.

Vegen vil ha ein lengde på ca 110 m og ein breidde på 3 m. Eksisterande snuplass i starten av vegen vil bli utvida noko for å gjere det mogleg for slamsugebil og snu. Kjørelaget vil bestå av grus, og grunnen under vil bli masseutskifta. Vegen vil bli lagt over grøftettrasèen for avlaupsleidninga. Grunneigar av gnr 9 bnr 2 har gitt løyve til bygginga, sjå vedlagt grunneigaravtale.

Planformålet i aktuelt område er LNF. Slamavskiljaren må plasserast i dette området grunna omsyn til fall samt omkringliggjande busetnad. Det er uheldig å leggje slike slamavskiljarar for nær eksisterande busetnad. Dersom det ikkje vert etablert slamavskiljar vil avlaupet fortsette å gå ureinsa i fjorden noko som er i strid med forurensingslova § 7. Kommunen vurderer difor at det er større fordel enn ulempe å etablere veg i LNF-område for å kunne etablere avlaupsrensing i området.

Slamavskiljaren vil ligge innanfor 100 m grensa mot sjø, men den vil ligge under bakken forutanom nokre kummar. Kommunen vurderer at dette ikkje vil vere i strid med forbudet mot tiltak i strandsona ettersom det i praksis ikkje vil føre til nokon endring i bruken eller formålet til området.

Stad og dato: MELAND KOMMUNE  
Ordførar  
  
Ordførar